

Årsplan Fosshagen utdanningsbarnehage 2025/2026



Innhold

•	Kontaktinformasjon.....	3
•	Fosshagen utdanningsbarnehage	4
•	Årshjul.....	5
•	Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	6
•	Leik for livet.....	7
•	Leik og læring	8
•	Barns medverknad	9
•	Samarbeid.....	10
•	Samhandling med føresette på digitale plattformer.....	11
•	Læringsutdanningsbarnehage	12
•	Sentrumsbarnehage.....	13
•	Dagsrytme.....	14
•	Mat i banehagen.....	15
•	Dei yngste	16
•	Overgangar	17
•	Overgang til skulen.....	18
•	Omsorg og danning	19
•	Trygg i Fosshagen – Førebygging og tidleg innsats	20
•	Barnehagen sitt innsatsteam mot mobbing.....	21
•	Mangfald og inkludering.....	22
•	Bursdagsfeiring.....	23
•	Den digitale praksisen til barnehagen	24
•	Aldersdelte grupper	25
•	Fagområde	26
•	Progresjon	27





Fosshagen utdanningsbarnehage har sju avdelingar. Me opna hausten 2020 og bur oss sakte, men sikkert inn i det flotte, runde bygget vårt. Avdelingane har fått namn etter fine fotturar i nærområdet. Kortare turar for småbarnsavdelingane og nokre meir krevjande fjelltoppar for storbarnsavdelingane.

Opningstid: 07.15-16.15

Redusert opningstid i romjula:
09.00-15.00

Avdelingane:

Nuken: 90 75 10 68

Fagereggi: 47 61 17 41

Laugi: 90 82 52 74

Stedjeåsen: 90 81 96 04

Blåfjell: 90 72 64 92

Togga: 90 50 62 67

Tylderingen: Raud gruppe
90 16 38 68

Tylderingen: Blå Gruppe
94 80 06 85

Tlf. styrar: 95 78 14 94

Tlf. administrasjon:
47 50 10 59

Viktige datoar:

13.-14.08: Planleggingsdagar

16.09: Foreldremøte

16.10: Ettermiddagskafé og 5-årsjubileum

07.11: Planleggingsdag

12.12: Luciamorgon

02.01: Planleggingsdag

24.03: Påskefrukost småbarn

25.03: Påskefrukost storbarn

15.05: Planleggingsdag

04.06: Sommarfest

09.06: Fotografering

11.06: Jordbæravslutning

Veke 29-30: Sommarstengt

Tilsette

Styrar: Heidi Austrheim (100%)

Assisterande styrar: Mari Engesæter (60%)

Barnehagelærar og administrasjon: Julie Slora Fotland (100%)

Blåfjell:

Pedagogisk leiar: Kaia Øvregard Røhme (100%)

Barnehagelærar Vibeke Linde (60%)

Barne- og ungdomsarbeidar: Silje Loftesnes Fardal (100%)

Assistent: Kontida Chongdee (100%)

Assistent: Darlene Øyangen (20%)

Assistent: Lady Pearl Pacot (20%)

Togga:

Pedagogisk leiar: Anita Sva (100%)

Assistent: Anita Vikøren (100%)

Assistent: Reidun Naalsund (20%)

Barne- og ungdomsarbeidar: Monica Sandøy (100%)

Miljørettleiar: Elin Bye Duhrman (80%)

Tylderingen:

Pedagogisk leiar: Hågen Før (100%)

Barnehagelærar: Alvhild Feidje (100%)

Barnehagelærar: Marte Gausemel (100%)

Assistent: Vigdis Aafedt Gurvin (100%)

Barne- og ungdomsarbeidar: Heidi Rutlin (100%)

Assistent: Olena Troianovska (100%)

Assistent: Yuliia Kostenko (40%)

Nuken:

Pedagogisk leiar: Silje Skjeldestad (80%)

Assistent: Erna Sofie Hønsi Vatlestad (100%)

Barne- og ungdomsarbeidar: Silje Vindedal Espe (80%)

Assistent: Darlene Øyangen (20%)

Fagereggi:

Pedagogisk leiar: Liv Kari Salte Selseng (90%)

Barne- og ungdomsarbeidar: Aina Solnes Langeteig (100%)

Barne- og ungdomsarbeidar: Tove Røysum (90%)

Assistent: Darlene Øyangen (60%)

Laugi:

Pedagogisk leiar: Jarand Øvreengen Røneid (80% + 20% på HVL)

Barnehagelærar: Mari Engesæter (20%)

Helsefagarbeidar: Marita Larsen Fjellheim (100%)

Barne- og ungdomsarbeidar: Christina Bruvoll Dreyer (100%)

Assistent: Yuliia Kostenko (20%)

Stedjeåsen:

Pedagogisk leiar: Natalie Knutson Halland (100%)

Barnehagelærar: Kari Eirin Bortne /Julie Slora Fotland (100%)

Barne- og ungdomsarbeidar: Britt Loftesnes (100%)

Vernepleiar: Sissel Leirdal Stautland (40%)

Assistent: Hedda Håkonsen Solheim (100%)

Årshjul 2025/2026

	Aktivitetar:	Foreldredeltaking:
August	Trygg i Fosshagen – Oppstart og tilvenning.	Planleggingsdagar 13.08 og 14.08
September	Brannvern-veke (veke 38) Konrad kråkebolle og andre fjærefantar. Konsert for jordbæra og bringebæra: 29.09	Foreldremøte 16.9 Foreldresamtalar
Oktober	Relasjonskartlegging og barnesamtalar Hjartesamling: berøring TV-aksjonen 19.oktober til Atlas-alliansen	Foreldresamtalar Ettermiddagskafé og 5-årsjubileum 16.10
November	Hjartesamling: følelsar	Regional planleggingsdag 7.11
Desember	Felles adventssamling/aktivitet måndagar. (Deler mellom småbarn og storbarn) Julegrantenning 1.12 Lucia-markering fredag 12.12 Nissefest 16.12	Lucia i barnehagen. Kvar avdeling inviterer til lussekattar, gløgg og kaffi mellom kl.7.45 og 9.30. Jordbæra går luciatog gjennom barnehagen ca kl.8.45

	Aktivitetar:	Foreldredeltaking:
Januar	Alle storbarnsavdelingane på Vite meir senteret Hjartesamling: vennskap	Planleggingsdag 2.1.26
Februar	Samefolkets dag 6.2 Karneval og fastelavn 12.2 Hjartesamling: kroppen Relasjonskartlegging og barnesamtalar	
Mars	Barnehagedagen 10.3: Fellesskap og inkludering Hjartesamling: hemmelegheiter Ramadan 16.2 - 18.3 Eid al-Fitr 19./20.3	Foreldresamtalar Påskefrukost småbarn 24.3 og storbarn 25.3

	Aktivitetar:	Foreldredeltaking:
April	Påske 2.4-6.4	
Mai	«Hipp hipp hurra! Fosshagen e bra. Store og smaoe, mi e raoe!» Besøksdagar for å trygge overgangar	17.mai – føresette har eige arrangement i barnehagen Planleggingsdag 15.5
Juni	Alle storbarnsavdelingane tur på museet. Bildetaking 9.06	Sommarfest 4.6 kl.14.30 Avslutning for jordbæra 11.6. Jordbæra blir igjen i barnehagen etter stengt tid, og foreldra kjem til avslutninga kl.18.30/19.00
Juli	Sommarstengt i veke 29 og 30	

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med [Lov om barnehager](#) og [Rammeplan for barnehagen](#) (KD, 2017). Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. Denne skal vere ein arbeidsreiskap for personalet og dokumentasjon på vala og grunngevingane til barnehagen. Den skal og gi informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til myndigheitsnivå, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegging skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarnet og barnegruppe. Planlegginga må vere basert på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krav i barnehagelova og rammeplanen.

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Personalet i barnehagen skal:

- Bruke observasjon og barnesamtalar for å sikre at alle barn opplever trivsel og har det godt i barnehagen
- Bruke observasjonsverktøy ved behov/i samråd med foreldre
- Bruke observasjonane og dokumentasjonen i avdelingsmøte og på personalmøte til refleksjon over eigen praksis og som utgangspunkt for vidare planlegging



Leik for livet

«Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt» (KD, 2017 s.8)

Barndommen er ein livsfase som har eigenverdi. Å vere barn handlar ikkje berre om kva ein skal utvikle seg til å bli i framtida, men kven ein er, kva ein opplever og korleis ein har det, akkurat her og no. Difor tek det pedagogiske arbeidet i barnehagen utgangspunkt i barna, deira opplevingar og interesser. Små barn lærer om seg sjølve og omverda gjennom leik og utforsking, og dei tilsette i barnehagen skal skape eit miljø der denne leiken og utforskinga får blomstre.

Me ynskjer å utvikle arbeidet vårt med barns medverknad og vaksenrolla i leik og utforsking blant anna ved å arbeide prosjektbasert over lengre periodar. Det krev også at me prioriterer leik i kvardagen og at me er bevisst korleis me kan legge opp rutinar og reglar som styrker barna sine moglegheiter til å få leike. Dei aller mest verdifulle dagane i barnehagen kan vere dei dagane det ikkje er anna program enn fri leik.

I møte med barn sin leik må me legge vekk tanken om eit mål eller eit endeleg produkt. Leiken og utforskinga er mål i seg sjølv. Kva som er leik og kva som ikkje er leik er det berre den som leikar som veit, og det er difor mange måtar å forklare og kategorisere leik på. Me vel å løfte fram to former for leik som er særleg sentrale knytt til det å lære om seg sjølve og omverda:

Fysisk aktiv leik/risikoleik

Risikoleik kan sjå ulik ut om du er eitt eller fem år. For eittåringen kan det handle om å springe og slenge seg på ei matte, eller gå ned ein liten kant. For femåringen kan det vere å klatre i det høgaste treet og hoppe ned der det kjennest akkurat litt for høgt. Gjennom fysisk aktiv leik og leik med risiko får barna testa grenser både for kva ein sjølv kan klare og kva grenser andre har. Ulik type boltreleik som å hoppe, slenge seg, leikesloss osv. gir viktige erfaringar både fysisk, mentalt og sosialt. For eksempel vil det å kjenne på frykt (i trygge leikerammer) gjere at barna får positive erfaringar med å takle det som er litt skummelt. Det handlar om livsmeistring og tru på seg sjølve.

Rolleleik

Å leike rolleleik krev mykje av den leikande. Det er ein avansert form for leik der dei som leikar må meistre mange typar kommunikasjon og evne til å gå inn og ut av leiken og i ulike rollar. Ein kan nesten samanlikne leiken med eit teater, berre at dei som leiker har rollene både som scenograf, regissør og skodespelar. Gjennom leiken prøver barna ut ulike hypotesar om verda og seg sjølve. Ein må klare å sjå for seg og late som, og setje seg inn i og forstå kva andre tenkjer og meiner. Allereie frå barna er heilt små kan me sjå at dei latar som, for eksempel at det er kaffi i koppen. Dette må me som tilsette følgje opp. Rolleleiken oppstår ikkje utan vidare, den må lærast, og dei tilsette i barnehagen skal gi barna tilgang til fantasiverda ved å sjølv vera leikne og kunne «late som».



Leik og læring

Leiken har ein sentral plass i Fosshagen utdanningsbarnehage. Barn treng å leike for å lære om seg sjølve og omverda. Å leike inneber å oppleve meistring og livsglede. I alderen 0-6 år utviklar og lærer barn meir enn i nokon annan fase i livet. Denne læringa går først og fremst føre seg i leiken. Me vil støtte og utvikle barna sin leikekompetanse og arbeide forebyggjande gjennom blant anna språkstimulering og fysisk aktivitet.

Personalet skal:

- organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik og legg til rette for utvikling av leiketema
- rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelmønster
- ta initiativ til leik og bidra til at alle kjem inn i leiken
- vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken
- inspirere barna til leik, undring og skapande aktivitetar i lag
- sikre at alle barna vert lest for
- synge saman med barna
- la barna få bruke kroppen aktivt og utfordre barna motorisk





«Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen» (KD, 2017 s.27)

Barns medverknad

Barn har rett til å verte høyrte og tekne omsyn til i kvardagen og under planlegging. Medverknad handlar både om å styrke individet sin rett til deltaking og integritet, men også å styrke fellesskapet og opplevinga av å høyre til i ei gruppe. Å vere aktiv deltakar i ei gruppe vil seie at barna får oppleve at det dei uttrykker vert teke på alvor, samstundes som dei lærer å ta omsyn til det andre uttrykker og ynskjer.

I Fosshagen utdanningsbarnehage skal alle barn oppleve å ha innflytelse på det som skjer i barnehagen. Dette betyr at personalet skal:

- Lytte til barna og prøve å forstå det barna vil formidle. Gjennomføre barnesamtalar med dei eldste.
- Vere nysgjerrig på korleis barn opplever og utforskar omverda
- Møte barn sine uttrykk med anerkjenning og gi rom for mange måtar å uttrykke seg på
- Observere og dokumentere barna sine opplevingar og bruke dokumentasjonen aktivt i vidare planlegging
- Følgje opp barna sine initiativ og interesser både i her-og-no-situasjonar og i planlegging
- Legge til rette for at barna skal meistre mest mogeleg sjølv
- Passe på at barna ikkje får meir ansvar enn dei er rusta til å ta

Samarbeid

Medverknad og kontakt

God kontakt mellom dei tilsette og foreldre er viktig for barna sin trivsel i barnehagen. Samarbeidet skjer hovudsakleg i dei daglege møta ved levering og henting, samt gjennom årlege foreldremøter og foreldresamtalar. Vi ynskjer også at barnehagen skal kunne fungere som ein møtestad der foreldra kan verte kjende med kvarandre og vil gjennom året invitere til ulike arrangement for barn og foreldre/føresette.

Foreldreråd og Foreldrearbeidsutvalet (FAU)

Alle foreldre/føresette til barna i barnehagen utgjer foreldrerådet til barnehagen. Kvar avdeling vel ein foreldrekontakt og ein vara. Foreldrekontaktane sit i FAU. Dei skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet (SU)

Leiar og nestleiar i FAU sit i SU. Her sit og to representantar frå personalet, samt eigarrepresentant. SU skal vere eit rådgivande og kontaktskapande organ som blant anna fastset årsplanen.

Samarbeid med andre

I tillegg samarbeider barnehagen blant anna med helsestasjon, PPT, barnevern, BUP og Politiet. Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1



Samhandling med føresette på digitale plattformer

Sogndal kommune brukar Visma Flyt Barnehage, Visma Sikker sak og Visma Flyt Samspill som informasjons- og kommunikasjonskanal med føresette, og til sikker sakshandsaming. Desse plattformene skal vareta tryggleiken i høve lagring av personopplysingar og gir barnehage og foreldre/føresette høve til å vere i dialog og samhandle på ein trygg og sikker måte.

Visma Flyt barnehage: For dagleg dialog, last ned appen «Visma barnehage» på telefonen din. Her vil du kunne sende direkte meldingar til avdelinga di, melde inn om barnet ditt skal ha fri eller er sjuk, få viktige beskjedar og informasjon frå barnehagen og sjå bilete frå kvardagen.

Visma Sikker sak: Er eit elektronisk sakshandsamingssystem i sky. Ein trygg stad å lagre dokumentasjon og sakshandsaming. Vert mellom anna nytta ved foreldresamtalar og oppfølging av barna gjennom året.

Visma Flyt Samspill: Er eit samhandlingsverktøy i sky. Skal bidra til enklare tverrfagleg samhandling mellom tenestene i kommunen. Nyttast gjerne i samband med spesialpedagogisk arbeid, individuell plan og stafettlogg.

På heimesida til Sogndal kommune vil du finne generell informasjon om Fosshagen utdanningsbarnehage. Her ligg lenke til årsplan og rammeplan, samt kontaktinformasjon til avdelingane.



Lærerutdanningsbarnehage

Barnehagen har i åra 2021-2024 og 2024-2029 eit forpliktande samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Barnehagelærerutdanninga ynskjer å knyte seg tettare til praksisfeltet, både for egne tilsette og studentar.

Samarbeidet skal vere eit likeverdig partnerskap. Det vil kunne styrke utviklingsarbeid og kompetanse hjå dei tilsette i barnehagen, samstundes som det bidreg til aktualisering og relevans i barnehagelærerutdanninga og forskning knytt til barnehagar.

I prosjektperioden så langt har me arbeida med å utvikle samarbeidet med høgskulen og me har hatt særleg fokus på det å vere praksisbarnehage. Heile personalgruppa har fått kompetanseheving i rettleiing, og me tek imot store grupper med studentar. Fagtilsette ved HVL er innom i samband med ulike prosjekt og hospitering. Lillian Pedersen, som er vår kontakt på høgskulen, har kontordagar i barnehagen. Jarand Øvreengen Rønneid, som er ped.leiar på Laugi, har 20% av stillinga si som fagtilsett ved barnehagelærerutdanninga. Mari Engesæter, assisterande styrar i barnehagen, har delar av stillinga si knytt til samarbeidet med høgskulen.

Me prioriterer også å ta med barna på ulike opplegg og aktivitetar som barnehagelærarstudentane og høgskulen inviterer til.

I barnehageåret 25/26 prøver me i samarbeid med HVL ut kompetanseheving gjennom arbeid i verkstader. I verkstadane skal personalet få oppleve ulike leikeeksperiment saman med barna som dei får reflektere over og arbeide vidare med i personalgruppa. Målet er å utvikle det pedagogiske arbeidet med lek og utvikle nye måtar å drive kompetanseheving i barnehagen på. Med oss i dette arbeidet har me Lillian Pedersen, Kjersti Johannessen og Rakel Huglen frå HVL.

I tillegg skal me i år samarbeide med Lena Skjerdal om bruk av song og musikk i barnehagen. Lena vil ha songstunder og konsertar med oss i lag med studentar på barnehagelærarstudiet.



Sentrumsbarnehage - Trafikksikker barnehage



Fosshagen barnehage ligg midt i Sogndal sentrum, og “fjøra” er nærmiljøet vårt. Me ligg nært bibliotek, butikkar, park, skular, fjordstien og mykje anna. I dette ligg det mange flotte mogelegheiter.

Me er mykje ute, både på barnehagen sitt uteområde, og på tur. Ute kan barna utfalde seg på ein anna måte med både kropp og stemme. Ulikt underlag, leik med sand, vatn, jord og snø gir mangfaldige erfaringar. Me ynskjer at barna skal bli kjent med, og glade i naturen, då vert det også meir meningsfullt å ta vare på den. Me har eit eige skogsområde som me brukar mykje.

Me har tre el-syklar som gir oss moglegheit til å reise på lengre turar. Det gjer at me enklare kjem oss ut i variert natur. Å vere ein sentrumsbarnehage inneber å vere tett på trafikk. Barnehagane i Sogndal kommune er no sertifiserte som trafikksikre barnehagar. Gjennom det daglege arbeidet skal barnehagen bidra til at barna lærer å orientera seg og ferdast trygt i trafikken. Barnehagen skal bidra til at barna får grunnleggjande kunnskap om korleis ein skal opptre som fotgjengar i trafikken, og drive førebyggjande tryggingarbeid som minskar risiko for skader ogulukker.

Det er eit ynskje at føresette går eller syklar til barnehagen om dei kan. Barnehagen har ei «drop off»-sone der dei som må bruke bil kan stå ei kort stund ved levering og henting.

Alle må syne aktsemd ved inn- og utkøyring. Det vert tryggast om de ryggar inn og køyrer ut att. Bruk gangvegen bak parkeringsplassane.

Alle må passe godt på barna når de går inn og ut av porten, samt hugse å late att porten. Ver venleg og ikkje late barna klatre på eller opne porten. Me ynskjer at det kun er dykk vaksne som opnar og let att porten.



Dagsrytme

Den første tida på småbarnsavdelingane vil mykje handle om å følgje barna sin rytme. På sikt arbeider me mot at barna et og søv til same tid, og dagsrytmen vil vere:

7.15	Barnehagen opnar
	Frukost fram til ca. kl. 9.00 (dei som vil ete frukost i barnehagen tek med mat)
9.30	Grønsaker/knekkebrød
9.45	Leik og aktivitet inne/ute/tur
11.00/11.30	Lunsj
11.30	Soving/kvilestund
13.00	Roleg aktivitet/leik inne/ute
14.00/14.30	Frukt/knekkebrød
14.30	Leik inne/ute
16.15	Barnehagen stenger

Den pedagogiske kjernetida er mellom 9.30 - 14.00, her vil hovudvekta av alle aktivitetar og turar vere. På storbarnsavdelingane er dagsrytmen meir fleksibel. Me et som regel lunsj rundt kl. 11.30.





«Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar» (KD, 2017 s.11)

Mat i barnehagen

Personalet skal leggje til rette for at måltid og matlaging bidreg til måltidsglede, deltaking, samtalar og fellesskapsfølelse hjå barna. Måltida skal gi barna gode sosiale opplevingar.

Å lage mat kan også vere ein aktivitet i seg sjølve. Etterkvart som barna vert større er dei sjølve med å tilberede maten, dekke bord og rydde opp. Me bruker blant anna nettressursen [Matjungelen](#) i dette arbeidet.

Me følg Helsedirektoratet sine retningslinjer om [mat og måltid i barnehagen](#), og tilbyr to måltid med frukt/grønsaker i tillegg til lunsj. Barna kan ta med frukost og me serverer vatn og mjølk til alle måltid. Lunsjen består av grovt brød, knekkebrød, variert pålegg og grønnsaker. Me bakar ein del brød og rundstykke sjølve. Minst ein gong i veka lagar me varm lunsj.

Ved allergiar ynskjer me legeerklæring for å kunne leggje til rette på best muleg måte. Sjå [her](#) for meir informasjon.

Dei yngste

Dei yngste barna treng mykje omsorg, kjærleik og tryggleik. Dei skal oppleve at nokon bryr seg om dei og har tid til dei. Måltid, kvile, planlagde aktivitetar og lek inne/ute er lagt opp for å skape tryggleik og variasjon.

Arbeidet med fagområda tilpassast alder og interessene til barna. Dei yngste brukar kroppen og sansane sine aktivt i lek og læring.

Personalet i barnehagen skal:

- vere trygge tilknytingspersonar for barna
- vise omsorg gjennom inntoning, sensitivitet, smil, latter og trøyst
- ta seg tid til å utforske og vere nysgjerrige på omverda saman med barna
- bruke tid til samtale og samspel med barna i situasjonar som stell, måltid og påkledning
- la barna få bruke kropp og stemme i leiken saman
- leike, synge og bevege seg i lag med barna



Tverrfagleg og tverretatleg samarbeid

Førebyggjande plan *Saman samtidig*

I Sogndal kommune skal det vera stort fokus på barn og unge sin trivsel. Kommunen skal vere ein trygg stad å veksa opp i, men stundom kan ein likevel oppleve utfordringar og vanskar. Då er det ekstra viktig å bli sett og høyrte av trygge vaksne som kan hjelpe. Barnevernsreforma tredde i kraft 1.januar 2022. Eit av måla med reforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren. I sogndal kommune er det utarbeida eigen plan for dette samarbeidet, *Saman samtidig*.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er den samhandlingsmodellen skulane og barnehagane skal bruka i arbeidet med barn og unge. BTI-modellen beskriv den samanhengande innsatsen i, og mellom, tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar som av ulike grunnar treng oppfølging. BTI skal sikra at born og unge får den oppfølginga og hjelpe dei treng gjennom eit samarbeid med familien.

På heimesida til Sogndal kommune kan de finne meir informasjon om satsingane og tverrfaglege prosjekt, mellom anna BTI, Laget rundt barnet og Livsmeistring - robuste barn og unge, Mestre livet: [Kvalitetsplanar og tverrfaglege prosjekt - SOGNDAL KOMMUNE](#)

Ressursteam i barnehagen er eit team som består av leiing/administrasjon og andre ressurspersonar i barnehage, samt representantar frå Sogn PPT, Sogn barnevern og helsesjukepleiar. I ressursteamet til Fosshagen barnehage sit Lise Uglum Iversen Helsesjukepleiar, Henriette Krogh Harberg PPT, Randi Svidal Sogn barnevern og Heidi Austrheim styrar. Ressursteamet har møte ca. ein gong i månaden. Ressursteamet kan gi rettleiing til pedagogane i ulike saker. Pedagogane kan drøfte saker anonymt, eller ta opp saker som gjeld enkeltborn, med samtykke frå føresette. Sakene kan vere knytt til enkeltbarn si utvikling, barnehagemiljøet, og gruppedynamikken på avdelinga og i barnegruppa. Dersom barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp, skal saka alltid drøftast i ressursteamet, og det skal i forkant vere jobba i ein førtilmeldingsfase, med både observasjonar, kartleggingar og ulike tiltak. Barnet vil då gjerne få ein stafettlogg. Denne vil synleggjere kva målsetjingar me jobbar etter, og kva tiltak som vert sett i verk for å sikre ei tidleg, og systematisk oppfølging. Det vil då verte henta inn samtykke frå føresette til sliklogg.



Trygg i Fosshagen

Alle som arbeider i barnehagen skal følgje med på korleis barna i barnehagen har det. Dette er del av aktivitetsplikta, § 42 i barnehagelova: *Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.* Eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø handlar både om det generelle pedagogiske tilbodet, særleg knytt til eit stimulerande leike- og læringsmiljø, men også at me har eit system som sikrar at kvart enkelt barn vert sett og forstått. Me treng å vite at alle har det bra. I årshjulet vårt har me ein plan for koreleis me arbeider for å sikre dette. Me arbeider systematisk med å trygga overgangar, me har faste barnesamtalar, relasjonskartleggingar, foreldresamtalar og hjartesamlingar.

Hjartesamlingar

Hjartesamling er eit pedagogisk verktøy tilpassa barn i barnehagealder. Målet er å gje barn eit språk og verktøy til å kunne fortelje om det som er vanskeleg. Hjartesamlingane tek opp fem tema: berøring, følelsar, vennskap, kroppen og hemmelegheiter. De kan lese meir om hjartesamling her: [Storbarn — Robuste barn](#). Me fordeler samlingane gjennom heile året (sjå årshjulet).

Arbeidet med hjartesamlingar er eit resultat av prosjektet Livsmeistring – robuste barn og unge. For meir informasjon om prosjektet, sjå her: [Robuste barn](#)



Overganger

Livet i barnehagen inneber fleire overganger for barnet. Både oppstart i barnehagen, flytting mellom avdelingar i barnehagen og det å starte på skulen er viktige overganger. Vi tek utgangspunkt i barnas behov for tilknytning når vi arbeider med overganger i barnehagen.

Å starte i barnehagen

Når barna skal starte i barnehagen treng dei tid til å bli kjent med alt det nye. Som føresettt kan du fungere som ein trygg base og ei trygg hamn for barnet i oppstarten. Etter kvart vil personalet verte gode tilknytingspersonar for barna og barna vert kjente med og trygge på rutine og livet i barnehagen. Alle nye føresette og barn får utdelt eigen informasjonsbrosjyre om korleis vi arbeider med denne oppstarten.


Å byte avdeling

Overgang frå liten til stor avdeling inneber også mykje nytt. Vi er opptekne av å arbeide ein del på tvers av avdelingane gjennom heile året. Ved overgang til stor avdeling gjer vi oss kjent med området ute og inne og er i lag med den nye avdelinga før oppstart.

Trygghetssirkelen

Foreldre med fokus på barnets behov

© Cooper, Hoffman, Marvin, & Powell, 1999



Overgang til skulen

Å førebu seg til skulen handlar i stor grad om å verte sjølvstendig. Dette er noko me arbeider med gjennom alle åra i barnehagen. Å vere sjølvstendig handlar om alt frå å meistre daglege rutinar som toalettbesøk og påkledning, til å kunne ta initiativ til og oppretthalde ein lek eller vere trygg nok til å seie i frå til ein vaksen dersom det er noko.

Det siste året i barnehagen har me jordbærklubb. Gjennom arbeidet i jordbærklubben ynskjer me å styrke barna sin tru på seg sjølve. Alle jordbæra våre skal oppleve at dei høyrer til og er viktige for fellesskapen. Det skal vere kjekt å vere eldst i barnehagen!

For å arbeide mot desse måla legg me opp til ulike aktivitetar i jordbærklubben. Blant anna får alle jordbæra tilbod om å vere med på vasstilvenning/bading. Me har faste turar i lag der me lagar god mat på bål og har kjekke aktivitetar. Etter jul har alle jordbæra eit felles prosjekt som skal ende opp i ei forestilling eller liknande for dei andre barna i barnehagen. Dette styrker samhaldet i gruppa og opplevinga av å høyre til i eit fellesskap.

Utover våren besøker me skulen og SFO. Sogndal kommune har eigen rutine og plan for å sikre trygg og god overgang frå barnehage til skule ([planen finn du her](#)). Blant anna får me besøke ein klasse på skulen og vere saman med dei fleire dagar i løpet av våren, me har felles treff for alle skulestartarane i forskjellige barnehagar, besøk på SFO og førskuledag.

Som føresette vert de invitert til samtale i barnehagen på våren og me er i tett dialog med skulen for at overgangen skal verte god for alle.



Bursdagsfeiring



Bursdagsfeiring i barnehagen:

I Fosshagen feirer me barna sine bursdagar. Me heng opp flagg og ballongar ved inngangen, og barnet får ekstra merksemd i samling. Bursdagsbarnet er med å lage bursdagskrune og får velje varmmat. På bursdagar ordnar me også med ekstra god frukt eller smoothie.

Me ynskjer ikkje at føresette skal ta med kaker/is eller liknande til bursdagsfeiringa i barnehagen.

Bursdagsfeiring heime:

Bursdagsfeiring heime med barn frå barnehagen er frivillig og mest vanlig når barna er 4-5 år. Det er viktig for oss at bursdagsfeiringane er inkluderande, ein tilråding er difor å invitere heile årskullet på avdelinga (det vil seie for eksempel alle moltene på avdelinga), alternativt alle barna på avdelinga. Å dele på kjønn kan vere uheldig. Barna har vennskap på tvers av kjønn og kjønn kan være ulikt fordelt på dei ulike avdelingane.

Alle kan låne Hjarterommet gratis til bursdagsfeiring. Ta kontakt med styrar Heidi eller assisterande styrar Mari om de ynskjer dette. Send gjerne invitasjon privat og ikkje med lappar i garderoben. Tilsette på avdelinga kan hjelpe med å få kontakt med foreldre ved behov. Avtal gjerne dykk foreldre mellom om barna skal ha med gåver. Set i tilfelle ein låg makspris slik at det ikkje vert eit økonomisk spørsmål for foreldre om dei har råd til å sende barna i bursdag. Det er også fullt mogeleg å feire barnebursdag utan at barna har med gåver.

Omsorg og danning

I Fosshagen utdanningsbarnehage skal alle barn vere trygge, oppleve omsorg og glede over å vere saman.

Dette betyr at personalet skal:

- vere ein trygg base for barna ved å vere tilgjengelege og til stades der barna er
- trøyste barn som er lei seg og hjelpe barn til å regulere kjenslene sine ved å setje ord på følelsane deira
- la barna få utforske omverda og legge til rette for at barna opplever å meistre sjølve
- le og tøyse saman med barna. Personale ler aldri av barna, me ler saman med dei
- dele barna i mindre grupper for å legge til rette for meningsfylte opplevingar, støtte barna sin aktivitet og verdsetje barna sine ulike behov
- rettleie og hjelpe barna når dei treng å vise omsyn til kvarandre
- undre seg og reflektere saman med barna



Mangfald og inkludering

Barnehagen er viktig i arbeidet med inkludering. Å høyre til i fellesskapet er avgjerande for barn og familiar. I Fosshagen ynskjer me at dette fellesskapet skal gjelde alle, og at mangfaldet i personal-, foreldre- og barnegruppe vert sett og løfta fram som noko positivt.

Barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet. Me skal støtte, styrke og følge opp barna ut fra deira egne kulturelle og individuelle føresetnader.

Personalet skal:

- Synleggjere mangfald gjennom å vere nysgjerrige og opne om det som er ulikt
- Vere bevisst korleis mangfald i familieformer, kjønn, levestett, etnisitet og funksjonsnivå er representert i leiker, bøker og temaarbeid, og gruppedeling på avdelingane
- Markere høgtider i ulike religionar og vere bevisst kva og korleis høgtider og tradisjonar vert løfta fram i barnehagen
- Legge til rette for at føresette kan verte kjent med kvarandre gjennom ulike arrangement





Den digitale praksisen til barnehagen

Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til lek, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læringsprosesser. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium.

Etter nye faglege råd frå Helsedirektoratet unngår me skjermbruk for eitt- og toåringar. Me vil begrense skjermtid for alle barna, men ulike skjermaktivitetar kan også ha ei positiv sosial eller kognitiv funksjon. Digitale verktøy kan bidra til samspel, utvikle kognitive funksjonar og motoriske ferdigheiter. Me har blant anna ein stor skjerm me kan teikne og spele på i lag, og me brukar Bee-bot og Lego Education Spike til lek med bygging og programmering.

Personalet i barnehagen skal:

- Vere aktive saman med barna ved bruk av digitale verktøy
- Utforske ulike måtar å bruke dei digitale verktøya på og bruke dei i det pedagogisk arbeidet
- Vere bevisst barns personvern, bruk av bilete og video og ikkje filme/ta bilete av barn som ikkje vil



I barnehagen skal barna møte progresjon. Derfor vil vi arbeide noko i aldersdelte grupper både på avdeling og mellom avdelingar. Vi har gitt dei aldersdelte gruppene i barnehagen namn etter bær – kanskje finn vi nokre av desse bæra på veg opp til for eksempel Tylderingen eller Nuken?

1-åringane: Tyttebær

2-åringane: Blåbær

3-åringane: Molter

4-åringane: Bringebær

5-åringane: Jordbær

Fagområda

Kommunikasjon on språk og tekst

Dette fagområdet arbeider vi aktivt med gjennom heile året. Språkstimulering foregår i kvardagssamtalar og i leik, men også i meir målretta arbeid med munnmotorikk, bøker, forteljing, song og språkmiljø på avdlingane. Alle barna skal jamnleg oppleve å lese bok saman med ein vaksen..

Kunst, kultur og kreativitet

Skaparglede og kreativitet finn vi i barna sin leik og utforsking av ulike løysingar. Vi vil la barna få erfaring med og utforske ulikt materiale, uttrykk, lydar, rytmer og dramatiske verkemiddel. Prosessane i desse møta er viktige. Det er ikkje alltid arbeidet endar med ferdige produkt.

Natur, miljø og teknologi

Naturen gjev rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver. Fagområdet skal bidra til at barn blir kjent med, og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og ver. Det er eit mål at barna skal få ei byrjande forståing av tydinga av ei berekraftig utvikling.

Kropp, rørsle, mat og helse

Det er nær samanheng mellom leik, kroppsbeherskelse og god helse. Vi vil arbeide med motorikk, fysisk aktiv leik og rørsleglede ved å vere aktive vaksne saman med barna. Vi legg opp til eit sunt kosthald og tek barna med på matlaging både inne og ute.

Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal reflektere og respektere det mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som den skal ta med seg verdiar og tradisjonar i den kristen kulturarven. Den etiske rettleiinga barnehagen gjev barna, må ta omsyn til barnet sine føresetnadar og den enkelte heim sine kulturelle og religiøse eller verdimeisige tilknytning.

Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at barn møter verda utanfor familien med tillit og nysgjerrigheit. Den skal legge vekt på å styrke kunnskap om og tilknytning til lokalsamfunnet, arbeidsliv og ulike levesett. Fagområdet omfattar også medias tyding for barna sin kvardag, arbeid med demokrati og medverknad samt det samiske.

Mengd, rom og form

Barn er tidleg opptatt av tal og teljing. Dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. I leik og kvardagsaktivitetar skal personalet setje ord på og legge til rette for denne utforskinga.

Progresjonsplan

Fagområda som utgangspunkt for leik og utforsking

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

1-2 år

Songar og regler med rørsler. Setje ord på det barna gjer i leiken. Bruk av bilete og konkretar.

2-3 år

Oppleva eventyr. Setje ord på. Fortelje. Song og felles opplevingar.

5-6 år

Leike med vitsar og rim. Leikeskrive.

Leik med språk og tekst

3-4 år

Høgtlesing og dramatisering. Eit rikt miljø for ulik type rolleleik.

MENGD, ROM OG FORM

1-2 år

Kroppslege erfaringar om plassering og størrelse. Puttekasse.

2-3 år

Leik med konkretar som har ulik form, farge og størrelse. Puslespel. Kims leik.

5-6 år

Leik som inneber å måle lengde eller høgde. Spele ulike spel.

Leike og utforske problem-løysingar

3-4 år

Leike butikk. Leik med mengder og tyngde, f.eks. i sandkassa. Gøymespel.

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

1-2 år

Bruke kroppen i lag. Krabbe, stabbe, gå, springe, klatre og hoppe.

2-3 år

Danse. Sparke og kaste ball. Setje ord på rørsler og snakke om kroppen. Hinderløype.

5-6 år

Hoppe tau, bruke ball og leggje til rette for utfordringar i det fysiske miljøet. Regelleikar.

Fysisk aktiv leik

3-4 år

Få fleire fysiske utfordringar. Bruk av rørslesongar og ulike tradisjonsleiker.

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

1-2 år

Late som. Utforske ulikt materiale. Lyd og stemme som utgangspunkt for leik.

2-3 år

Eksperimentere med farger og teknikkar. Skape rom for barna sin eigen kultur.

5-6 år

Songleikar. Dramaforløp. Leike med songtekstar og melodi.

Leikande uttrykksformer og kreativitet

3-4 år

Temaarbeid som utg.pkt for felles leik. Fantasere i lag og skape i lag.

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

1-2 år

Få erfaringar med kvarandre. Helse, sei hade, trøyste og kose. Bruke alle sansane i møte med omverda.

2-3 år

Sette ord på kjensler medan vi leiker og utforskar. Undre seg og reflektere i lag om det vi opplever.

5-6 år

Erfare mangfold. Reflektere saman om venskap, konfliktar og rettferd. Hjelp og vise omsorg for dei som er yngre.

Undra seg over korleis verda fungerer

3-4 år

Øve seg på å løyse konfliktar i leiken. Dele og samarbeide. Felles opplevingar rundt markering av høgtider.

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

1-2 år

Leik med vatn. Sanse og erfare årstider. Erfare ulikt underlag.

2-3 år

Leik med naturmateriale som blad, kongler og pinnar. Leik med lys/mørke. Felles opplevingar ute i naturen.

5-6 år

Undre seg over det som skjer i naturen og korleis vi kan ta vare på den. Berekraft.

Leik og undring i naturen

3-4 år

Oppleve ulike typar eksperiment. Lengre turar i meir krevjande terreng og leik i ulike miljø.

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

1-2 år

Utforske barnehagen sitt område inne og ute. Oppleve å verte teken omsyn til.

2-3 år

Turar i barnehagen sitt nærområde. Leike ulike yrker. Vere med å hjelpe til og meistre det fysiske miljøet.

5-6 år

Utforske skulen. Fellesskap og erfaring med demokratiske prosessar. Utforske bygda vår.

Utforsking av omverda

3-4 år

Å høyre til i ei gruppe. Erfare korleis ein kan bestemme i lag. Utforske ulike yrker og arbeidsplassar.

